



SAPNINGS OG FAMILIETJENESTER	330.01
22 NOV 2005	
2005/02756	SIGN:

-082

Det kongelege barne- og familiedepartement
Postboks 8036 Dep
0030 OSLO

Dykkar ref.

Vår ref.
05/548-8/05/5168//HVA

Dato:
Manger: 21.11.2005

FORSLAG TIL FORSKRIFT TIL NY BARNEHAGELOV - HØYRING - 2005

Radøy kommune viser til dykkar høyringsskriv, datert 07.09.2005.

Radøy formannskap handsama saka i møte 15.11.2005, og gjorde slikt samrøystes vedtak:

”Radøy kommune kjem med følgjande uttale til forslag til forskrift til ny barnehagelov:

1. Forslag til forskrift om norm for pedagogisk bemanning.

Det er viktig å merke seg at det vert opna for andre høgskoleutdanna grupper med tilleggsutdanning i barnehagepedagogikk til jobben som pedagogisk leder i barnehagen, i tråd med Radøy kommune si tilråding då lova var på høyring.

Radøy kommune held fast ved standpunktet ein fremja i samband med lovhøyringa, og vi ønskjer inga talfesta norm for (pedagogisk) bemanning i barnehagen. Vi er vidare nøgde med at styrar si administrasjonstid framleis vert fastsett i tariffavtale, slik som rektor si administrasjonstida i skulen. Det er positivt at barnehageeigar/kommune kan opne for utradisjonelle gruppestorleikar.

Det er også positivt at forskrifta tydeleg fastslår pedagogen sitt ansvarsområde.

2. Forskrift om midlertidige og varige dispensasjonar og unntak frå utdanningskravet for styrer og pedagogisk leder.

Det er viktig at dispensasjonar i utgangspunktet er tidsavgrensa til eitt år om gongen. Radøy kommune ser ikkje trong for å ha reglar om varige dispensasjonar i forskrifta då ny arbeidsmiljølov regulerer dette på ein akseptabel måte.

3. Forskrift om saksbehandlingsregler for opptak i barnehagen.

Det er viktig at forskrifta synleggjer at det er vanskeleg å gjennomføre et effektivt opptak i tråd med forvaltningslova av 10.feb.1967.

Det er krevjande at opptakskriteria må vedtektsfestast i detalj. Det vert presisert at kriteria skal vera objektive og kunna prøvast i ettertid. Dette synest vanskeleg då ein del barn har prioritert rett etter opplæringslova, og dette er innanfor teiepliktområdet.

Forskrifta seier mykje om avveging mellom krav om partsinnsyn og søkjarane sin trong for personvern. Dette er ei svært vanskeleg avveging, ikkje minst fordi foreldre som har fått avslag, er i ein vanskeleg posisjon. Retningslinene på dette området må klargjerast og utdjupast.

Særleg om klagerett:

Høyringsinstansane er bedne om å vurdere spesielt om søkjar skal ha klagerett dersom første ønskje ikkje vert oppfylt. Radøy kommune meiner at dette må sjåast saman med § 8 andre ledd i lova som pålegg kommunane ei plikt til å ha tilstrekkeleg tal barnehageplassar. I tillegg bør ein sjå på definisjonen av "full behovsdekning". Radøy kommune meiner at ein kommune har full behovsdekning når ein kan tilby plass til alle som ønskjer det, og helst i den barnehagen eller i det området ein søker. Dersom ein har klagerett på val av barnehage, strir dette mot denne forståinga, og det vert umogleg for kommunane å oppnå full behovsdekning.

4. Forslag til forskrift om familiebarnehagar.

Ingen kommentarar.

5. Forslag til forskrift om foreldrebetaling i barnehagar.

Ingen kommentarar.

6. Forslag om politiattest.

Viktig å merke seg at politiattesten berre avklarar om søkjar er sikta, tiltalt eller dømt for seksuelle overgrep mot barn.


7. Forskrift om føring av register til bruk i samband med kontroll av utrekning og utbetaling av kontantstøtte.

Ingen kommentarar.

8. Forskrift om overgangsreglar.

Ingen kommentarar."

Med helsing



Olav Steinar Namtvedt
ordførar



Helge Vållestad
spesialkonsulent